

Byggjing i Ospelunden

22.06.2010

Det største regulerte bustadfeltet i Uskedalen er Ospelunden med rundt rekna 65 tomtar.

Så langt har det ikkje vore noko byggjeverksemd der. No er det teikn som tyder på at noko vil skje.

I alle fall kjem eit byggjeprojekt i gang - for Janne Yri og Mickael Røsmland.

Det skal også behandlast i forvaltningskomiteen onsdag som dispensasjonssak.

Rådmannen går inn for dispensasjon frå reguleringsplanen slik at oppføringa av ein bustaden kan omsøkjast og handsamast. Det kan difor gjevast løyve til utviding av utnyttingsgraden frå 18 prosent til 22 prosent.

I saksutgreiinga blir det peika på at ein utnyttingsgrad på 20 til 25 prosent har vorte vanleg i moderne byggjefelt i kommunen. Yri og Røsmland kjem med ekstra parkeringsplass opp i ein utnyttiingsgrad på 21,93 prosent.

Endringa vil ikkje ha negativ verknad på omkringliggjande helse, miljø, sikkerheit og tilgjengelegheit, heiter det i saksutgreiinga. Naboane er varsla og har ikkje merknader.

Av Ola Matti Mathisen